



Ølensjøen Fus Barnehage AS
Litlehagen

5580 ØLEN

Fastsetting av driftstilskot for våren 2020

Ver venleg å oppgi vår referanse dersom du har spørsmål.

Vedtak:

For våren 2020 er kommunalt driftstilskot til Ølensjøen Fus Barnehage AS fastsett slik:

| Ordinært driftstilskot | Sats i kr | Plassar | Tilskot i kr, heilt år | Tilskot i kr, 7/12-delar |
|------------------------------------|-----------|---------|---------------------------|-----------------------------|
| Barn 0-2 år | 230 081 | 47,00 | 10 813 805 | 6 308 053 |
| Barn 3-6 år | 110 467 | 73,58 | 8 127 917 | 4 741 285 |
| Kapital, godkjent før 2011 | 9 300 | 57,78 | 537 333 | 313 444 |
| Kapital, godkjent 2014 | 16 400 | 62,80 | 1 029 920 | 600 787 |
| Samla tilskot | | | 20 508 975 | 11 963 569 |
| Utbetaling per kvartal | | | 5 127 244 | |
| Tilskot for vedtaksperioden | | | 11 963 569 | |

Tilskotet gjeld for dei syv fyrste månadane av året. Det vil bli gjort nytt vedtak med tilskot for hausten basert på barnetalet per 15.8.20, jf. Vindafjord kommune sine lokale retningslinjer pkt. 1.1 og 2.2 a).

Lovheimel: Avgjort etter fullmakt i medhald av vedtak i samsvar med § 23 nr. 4 i kommunelova, barnehagelova § 14, forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar og lokale retningslinjer for tilskot til private barnehagar.

Klagerett:

Vedtaket er eit einskildvedtak med klagerett, jf. forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav b). Viss du vil klage er fristen tre veker frå du har mottatt vedtaket. Klagen skal sendast til Vindafjord kommune for ny vurdering. Viss kommunen ikkje tar klagen til følgje vert den sendt til Fylkesmannen i Rogaland for endeleg avgjerd.

Saksutgreiing:

Kommunen skal gi driftstilskot til ikkje-kommunale barnehagar per heiltidsplass, jf. barnehagelova § 14, forskrift om tilskudd til private barnehager §§ 3, 6, 5a, 7 og 8 og lokale retningslinjer (vedtatt i K-sak 085/12).

Saka gjeld fastsetting av driftstilskot, jf. forskrift om tilskudd til private barnehager § 1. Det blir gitt driftstilskot per heiltidsplass etter fastsette satsar avhengig av om barna er over eller under 3 år. I tillegg blir det gitt eit kapitaltilskot per barn basert på barnehagen sitt godkjenningår. Satsane for 2020 er fastsett slik i saksnr. 073/19 (Vår ref.: 19/24063):

1. Driftstilskot per heiltidsplass

- Barn 0-2 år: kr 230 081
- Barn 3-6 år: kr 110 467

2. For kapitaltilskot etter barnehagen sitt år for godkjenning vert det nytta nasjonale satsar (jf. forskrift om tilskudd til privat barnehager § 6).

- Til og med 2011: kr 9 300
- 2012-2014: kr 16 400
- 2015-2017: kr 20 200
- 2018-2020: kr 23 900

Vurdering:

Grunnlaget for våren 2020 er barnetalet per 15.12.19, slik det går fram av innmeldt årsmelding. Barnetalet er rekna om til heiltidsplassar for små og store barn slik:

| Barn 0-2 år | Del plass | Barn |
|----------------------------|-----------|--------------|
| 0-8 timar | 13,33 % | 0 |
| 9-16 timar | 28,89 % | 0 |
| 17-24 timar | 46,67 % | 0 |
| 25-32 timar | 64,44 % | 0 |
| 33-40 timar | 82,22 % | 0 |
| 41 timar eller meir | 100,00 % | 47 |
| Barn 3-6 år | | |
| 0-8 timar | 13,33 % | 0 |
| 9-16 timar | 28,89 % | 0 |
| 17-24 timar | 46,67 % | 0 |
| 25-32 timar | 64,44 % | 4 |
| 33-40 timar | 82,22 % | 0 |
| 41 timar eller meir | 100,00 % | 71 |
| Barn 0-2 år | | 47 |
| Barn 3-6 år | | 75 |
| Barn | | 122 |
| <hr/> | | |
| Heiltidsbarn 0-2 år | | 47,0 |
| Heiltidsbarn 3-6 år | | 73,6 |
| Heiltidsbarn totalt | | 120,6 |

Kapitaltilskotet vert gitt per heiltidsbarn etter nasjonale satsar med bakgrunn i barnehagebygget sitt år for godkjenning. Det er lagt til grunn at Ølensjøen Fus Barnehage AS har ei ny avdeling frå 2014 med til saman 62,8 heiltidsplassar. Resten av plassane er i bygg frå før 2011, og gir tilskot etter minimumssatsen. Dei nyaste plassane vert rekna som fylt opp fyrst.

Ved å gange dei ulike satsane med store og små barn kjem ein fram til fylgjande tilskot:

| Ordinært driftstilskot | Sats i kr | Plassar | Tilskot i kr, heilt år | Tilskot i kr, 7/12-delar |
|------------------------------------|------------------|----------------|-----------------------------------|-------------------------------------|
| Barn 0-2 år | 230 081 | 47,00 | 10 813 805 | 6 308 053 |
| Barn 3-6 år | 110 467 | 73,58 | 8 127 917 | 4 741 285 |
| Kapital, godkjent før 2011 | 9 300 | 57,78 | 537 333 | 313 444 |
| Kapital, godkjent 2014 | 16 400 | 62,80 | 1 029 920 | 600 787 |
| Samla tilskot | | | 20 508 975 | 11 963 569 |
| Utbetaling per kvartal | | | 5 127 244 | |
| Tilskot for vedtaksperioden | | | 11 963 569 | |

Etter Vindafjord kommune sine lokale retningslinjer pkt. 1.1 og 2.2 a. skal det vere eit vedtak for våren (7 måndarar) basert på barnetalet 15.12 året før, og eit nytt nytt vedtak for hausten (5 månadar) med bakgrunn i barnetalet per 15.8 i tilskotsåret. I tillegg skal barn som blir 3 år i løpet av 2020 bli rekna som små i januar til og med juli, og som store i tida august til og med desember.

Tilskotet vert utbetalt i byrjinga av kvart kvartal i tråd med lokale retningslinjer pkt. 2.3 b). Utbetaling for 2. og 3. kvartal vert betalt ut med bakgrunn i dette vedtaket. Differansen mellom akonto utbetalt for 1. kvartal og utrekna tilskot vert betalt ut saman med tilskot for 2. kvartal. Utbetalinga i 4. kvartal vert avrekna mot fastsetting av tilskot for dei fem siste månadane.

Terminutbetalingane vil bli slik:

| | |
|---|-------------------------------------|
| Tilskot for 1. termin: akonto utbetalt 2. januar 2020 | 4 884 103 |
| Berekna tilskot for 1. termin | 5 127 244 |
| Rest utbetaling 2. kvartal | 243 141 |
| Tilskot for 2. termin. Utbetaling 1.4.2020 | 5 370 385 |
| Tilskot for 3. termin. Utbetaling 1.7.2020 | 5 127 244 |
| Tilskot for 4. termin. Utbetaling 1.10.2020 | avrekning etter telling per 15.8.20 |

Med helsing

Vegard Bang
Økonomisjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.





Vikedal Fus Barnehage AS
Postboks 57

5586 VIKEDAL

Fastsetting av driftstilskot for våren 2020

Ver venleg å oppgi vår referanse dersom du har spørsmål.

Vedtak:

For våren 2020 er kommunalt driftstilskot til Vikedal Fus Barnehage AS fastsett slik:

| Ordinært driftstilskot | Sats i kr | Plassar | Tilskot i kr, heilt år | Tilskot i kr, 7/12-delar |
|------------------------------------|-----------|---------|---------------------------|-----------------------------|
| Barn 0-2 år | 230 081 | 15,00 | 3 451 214 | 2 013 208 |
| Barn 3-6 år | 110 467 | 24,00 | 2 651 208 | 1 546 538 |
| Kapitaltilskot | 9 300 | 39,00 | 362 700 | 211 575 |
| Samla tilskot | | | 6 465 123 | 3 771 321 |
| Utbetaling per kvartal | | | 1 616 281 | |
| Tilskot for vedtaksperioden | | | 3 771 321 | |

Tilskotet gjeld for dei syv fyrste månadane av året. Det vil bli gjort nytt vedtak med tilskot for hausten basert på barnetalet per 15.8.20, jf. Vindafjord kommune sine lokale retningslinjer pkt. 1.1 og 2.2 a).

Lovheimel: Avgjort etter fullmakt i medhald av vedtak i samsvar med § 23 nr. 4 i kommunelova, barnehagelova § 14, forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar og lokale retningslinjer for tilskot til private barnehagar.

Klagerett:

Vedtaket er eit einskildvedtak med klagerett, jf. forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav b). Viss du vil klage er fristen tre veker frå du har mottatt vedtaket. Klagen skal sendast til Vindafjord kommune for ny vurdering. Viss kommunen ikkje tar klagen til følge vert den sendt til Fylkesmannen i Rogaland for endeleg avgjerd.

Saksutgreiing:

Kommunen skal gi driftstilskot til ikkje-kommunale barnehagar per heiltidsplass, jf. barnehagelova § 14, forskrift om tilskudd til private barnehager §§ 3, 6, 5a, 7 og 8 og lokale retningslinjer (vedtatt i K-sak 085/12).

Saka gjeld fastsetting av driftstilskot, jf. forskrift om tilskudd til private barnehager § 1. Det blir gitt driftstilskot per heiltidsplass etter fastsette satsar avhengig av om barna er over eller under 3 år. I tillegg blir det gitt eit nasjonalt fastsett kapitaltilskot per barn basert på barnehagen sitt godkjenningår. Satsane for 2020 er fastsett slik i saksnr. 073/19 (Vår ref.: 19/24063):

1. Driftstilskot per heiltidsplass

- Barn 0-2 år: kr 230 081
- Barn 3-6 år: kr 110 467

2. For kapitaltilskot etter barnehagen sitt år for godkjenning vert det nytta nasjonale satsar (jf. forskrift om tilskudd til privat barnehager § 6).

- Til og med 2011: kr 9 300
- 2012-2014: kr 16 400
- 2015-2017: kr 20 200
- 2018-2020: kr 23 900

Vurdering:

Grunnlaget for våren 2020 er barnetalet per 15.12.19, slik det går fram av innmeldt årsmelding. Barnetalet er rekna om til heiltidsplassar for store og små barn slik:

| Barn 0-2 år | Del plass | Barn |
|----------------------------|------------------|-------------|
| 0-8 timar | 13,33 % | 0 |
| 9-16 timar | 28,89 % | 0 |
| 17-24 timar | 46,67 % | 0 |
| 25-32 timar | 64,44 % | 0 |
| 33-40 timar | 82,22 % | 0 |
| 41 timar eller meir | 100,00 % | 15 |
| Barn 3-6 år | | |
| 0-8 timar | 13,33 % | 0 |
| 9-16 timar | 28,89 % | 0 |
| 17-24 timar | 46,67 % | 0 |
| 25-32 timar | 64,44 % | 0 |
| 33-40 timar | 82,22 % | 0 |
| 41 timar eller meir | 100,00 % | 24 |
| Barn 0-2 år | | 15 |
| Barn 3-6 år | | 24 |
| Barn | | 39 |
| <hr/> | | |
| Heiltidsbarn 0-2 år | | 15,0 |
| Heiltidsbarn 3-6 år | | 24,0 |
| Heiltidsbarn totalt | | 39,0 |

Kapitaltilskot vert gitt per heiltidsbarn etter nasjonale satsar med bakgrunn i barnehagebygget sitt år for godkjenning. For 2020 er det vedtatt ein standard sats på kr 9 300 for alle barnehagar godkjent i 2011 eller tidlegare.

Ved å gange dei ulike satsane med store og små barn kjem ein fram til fylgjande tilskot:

| Ordinært driftstilskot | Sats i kr | Plassar | Tilskot i kr, heilt år | Tilskot i kr, 7/12-delar |
|------------------------------------|------------------|----------------|-----------------------------------|-------------------------------------|
| Barn 0-2 år | 230 081 | 15,00 | 3 451 214 | 2 013 208 |
| Barn 3-6 år | 110 467 | 24,00 | 2 651 208 | 1 546 538 |
| Kapitaltilskot | 9 300 | 39,00 | 362 700 | 211 575 |
| Samla tilskot | | | 6 465 123 | 3 771 321 |
| Utbetaling per kvartal | | | 1 616 281 | |
| Tilskot for vedtaksperioden | | | 3 771 321 | |

Etter Vindafjord kommune sine lokale retningslinjer pkt. 1.1 og 2.2 a. skal det vere eit vedtak for våren (7 månadar) basert på barnetalet 15.12 året før, og eit nytt nytt vedtak for hausten (5 månadar) med bakgrunn i barnetalet per 15.8 i tilskotsåret. I tillegg skal barn som blir 3 år i løpet av 2020 bli rekna som små i januar til og med juli, og som store i tida august til og med desember.

Tilskotet vert utbetalt i byrjinga av kvart kvartal i tråd med lokale retningslinjer pkt. 2.3 b). Utbetaling for 2. og 3. kvartal vert betalt ut med bakgrunn i dette vedtaket. Differansen mellom akonto utbetalt for 1. kvartal og utrekna tilskot vert betalt ut saman med tilskot for 2. kvartal. Utbetalinga i 4. kvartal vert avrekna mot fastsetting av tilskot for dei fem siste månadane.

Terminutbetalingane vil bli slik:

| | |
|---|-------------------------------------|
| Tilskot for 1. termin: akonto utbetalt 2. januar 2020 | 1 223 349 |
| Berekna tilskot for 1. termin | 1 616 281 |
| Rest utbetaling 2. kvartal | 392 932 |
| Tilskot for 2. termin. Utbetaling 1.4.2020 | 2 009 212 |
| Tilskot for 3. termin. Utbetaling 1.7.2020 | 1 616 281 |
| Tilskot for 4. termin. Utbetaling 1.10.2020 | avrekning etter telling per 15.8.20 |

Med helsing

Vegard Bang
Økonomisjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.